



Gunn Mari Moberg seier ja til attval i komunestyret, men kan ho ta førsteplassen frå Arne Havnerås? (Foto: Kvinnheringen)

Gunn Mari Moberg frå Uskedalen kjem til å seia nei til attval som leiar av Høgre i Kvinnherad under årsmøtet i Gamleskulen måndag 24.januar, opplyser ho til uskedalen.no.


Derimot har ho sagt ja til attval i kommunestyret og det er grunn til å tru at ho vil tevla om topp-plassen som ordførarkandidat med Arne Havnerås



Tove Lill Lakselv seier nei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnheringen skriv i dag på leiarplass at det "nok i Høgre er Arne Havnerås som vert ordførarkandidat, om då ikke Gunn Mari Moberg får topplassen". Avisa trur at kampen om ordførarkjeda vil stå mellom desse to, Synnøve Solbakken og Ole Torbjørn Holmedal..

Høgre held nominasjonsmøte saman med årsmøtet og drøftar samstundes programmet.




Bjarne Lilleaas seier nei (Foto: Kristian Hus)

I denne perioden er 4 av dei 35 i kommunestyret frå Uskedalen og av dei har 2 så langt fråsaugt seg attval. Venstres Bjarne Lilleaas seier nei fordi han ikkje har kapasitet til å involvera seg så mykje som han burde sjølv om det har vore ei kjekk og interessant tid.

Tove Lill Lakselv i FrP vil prioritera familien. Ho peikar på at politisk arbeid tek mykje tid og med 5 born har ho mykje å henga fingrene i på heimebane.

Kva veteranen Torfinn Myklebust som er innvalt frå Innbyggjarpartiet tek sikte på er uvisst i skrivande stund. Innbyggjarpartiet har så langt ikke bestemt om dei skal stilla liste.



Torfinn Myklebust - kva seier han? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Interessa for å satsa igjen syner sterk variasjon mellom partia.

4 av 5 kommunestyre-representanter frå Venstre seier nei til attval medan heile Høgregruppa seier ja.

Åtte månader før valet seier 12 eit klart nei, opplyser Kvinnheringen.

Venstre skal også nominera 24. Januar.

Av Ola Matti Mathisen